

Notat

Frå: Paal Fosdal
Einar Ulla, SEK

Til:

Kopi til:

Svar - Ny personvernlov frå 2018 - Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eg viser til notat frå kontrollutvalet, dagsett 6.mars d.å. vedkomande KU-sak 9/18. Nedanfor er svar frå fylkesrådmannen på spørsmåla knytt til status for tilpassing til ny personvernlov:

1) Er det nokon som jobbar med ny personvernlov?

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare engasjert uavhengige konsulentar til å gå gjennom tryggleiksdokumentasjonen vår innanfor IKT området. I 2014 hadde fylkeskommunen tilsyn frå Datatilsynet. Manglar som vart påvist ved dette tilsynet er retta opp og vi meiner dokumentasjonen er godt oppdatert sett i høve til dei krava som vert sett i den nye forordninga. Vi har no engasjert ekstern konsulent for på nytt å gå igjennom dokumentasjonen for å sikre at den fyller krava til i den nye personvernforordninga.

Den nye personvernforordninga/personvernlova har betydeleg merksemd i organisasjonen, men fylkesrådmannen har førebels ikkje sett av dedikerte ressursar til å jobbe med lova (jamfør svar på punkt 4 nedanfor).

2) Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag 52 ulike system med personopplysningar. 7 av desse systema inneheld sensitive personopplysningar. Vi vil på nytt gjennomgå systema i samband med at vi må skaffe oss ei oppdatert og total oversikt saman med Hordaland fylkeskommune. Dette er eit naturleg tiltak i forkant av at dei to fylka skal slåast saman.

3) Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?

Sogn og Fjordane fylkeskommune har inngått databehandlaravtaler med dei fleste eksterne systemleverandørane. Når dei nye oppdaterte malane er tilgjengeleg på Datatilsynet sine sider i april, vil vi ta kontakt med leverandørane for å få på plass alle oppdaterte databehandlaravtalar.

4) Er det oppretta personvernombod/rådgivar

Det er p.t. ikkje oppretta personvernombod/rådgjevar. Hordland fylkeskommune er i gang med å tilsetje personvernombod som er venta å starte i stillinga medio april 2018. Vi er i dialog med Hordaland fylkeskommune om ei løysing der dei tek denne funksjonen for Sogn og Fjordane fylkeskommune frå innføringa av personvernforordninga i mai 2018. Den nye personvernforordninga opnar for ei slik løysing og fylkesrådmannen meiner dette er mest formålsteneleg med utgangspunkt i at dei to fylka skal slåast saman frå 1.januar 2020.

5) Er personvernerklæringa oppdatert?

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fleire personvernerklæringar i dag. Desse vil bli oppdaterte i tråd med ny personvernlov.

6) Er det innebygd personvern i datasystem?

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gå i dialog med dei eksterne systemleverandørane våre for å kartleggje status for innebygd personvern i systema som har personopplysningar.

7) Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å teste datasystem?

Sogn og Fjordane fylkeskommune har høg merksemd på informasjonstryggleik og fysisk IKT-tryggleik. Vi arbeider kontinuerleg med ulike rutinar og tiltak for å sikre at dette vert følgt opp i den daglege drifta. Det har så langt ikkje vore vurdert å engasjere eksterne hackere for å foreta slike systemtestar.